


BOKN BYGDABLAD

Nr 7 - September 2002 - Årg. 17



Fjellenes år - s. 8



Hamsunkveld - s. 2



Brannfakkell - s. 4



Manilla - s. 13



Bokn
kommune

Kusymre
kommuneblom i Bokn



Kulturkveld på bedehuset

Reidar Alvestad

"Hamsun i ord og tonar"

Dette var tittelen på programmet som songaren Gro Siri Ognøy Johansen og ektefellen Gunnar M. Karlsen stod for på kulturkvelden som bedehusstyret i samarbeid med kulturkontoret arrangerte fredagskvelden den 6. september.

Dei siste kulturkveldane har samla godt med folk. Denne gongen var det litt færre tilhøyrarar enn sist. Kanskje skuldast det litt dårlegare annonsering enn før?



Knappt 40 menneske hadde funne vegen til kulturkvelden.

På gamle tomter

Songaren Gro Siri Ognøy Johansen som har røtene sine på morssida her i Bokn, fortalde at ho alt som 6-åring hadde sunge på bedehuset på Austre Bokn. Nå var ho glad for å synga her på det "nye" Bokn bedehus for "slekt og venner" som ho uttrykte seg. Ho har saman med mannen laga melodiar til ei rekke av Knut Hamsun sine tekstar, og dei har også laga ein CD saman med franske og argentinke musikarar.

Profesjonelt

Det er ikkje kvardagskost verken på bedehuset eller elles her i kommunen å ha profesjonelle komponistar eller musikarar/songarar på urframføringar av nye komposisjonar. Det var difor vanskeleg å tenkja seg på førehand kva slags forventningar ein skulle ha til programmet. Sjølv har eg høyrte denne songaren framføra solosong ein gong i kyrkja, og visste dermed at ho var ein framifrå songar.

Gunnar M. Karlsen akkompagnerte songaren på bedehuset sitt elektriske piano. Han utfylte også Gro Siri med å fortelja om programmet dei hadde for kvelden, og ei kort innføring i Knut Hamsun sitt liv og diktning. Knut Hamsun er her i landet ikkje rekna med blant "dei 4 store" forfattarane. Han er kanskje meir kjend i utlandet enn her, og har skriva fleire større verk. Han budde mange år på Hamarøy i Nord-Norge før han flytte til Nørholm på Sørlandet.

I mange av verka til Knut Hamsun er det motiv frå Nord-Norge. Det er mykje same tema i dikta som i romanane, og fortapt kjærleik er noko av det som går att. Elles kan det gå på dei allmennmenneskelege



konfliktane og spenningane som fins, kjærleiken mellom mann og kvinne, og naturen. Særleg var han fascinert av den nordnorske naturen.

Vakre tekstar og tonar

Mange fine og stemningsfulle tekstar og tonar vart framførte med små pausar innimellom kor paret vekselvis snakka om Knut Hamsun sitt liv og diktning. Dei sa også litt om innhaldet i dei ulike songane som kom etter kvart som programmet gjekk vidare.

Ein del av tekstane var kanskje ukjende for publikum., andre kanskje kjende. Tonane var nye, men god og sikker framføring både av songar og pianist, gjorde kvelden til ei fin oppleving. Det er fint å høyra kjende og kjære songar, men ennå meir spennande å kunna ta del i ei framføring av nye tonar.

Gro Siri Ognøy Johansen og Gunnar M. Karlsen fekk velfortent applaus for framføringane sine. Før alle gjekk til matsalen for kaffi og tilbehør, fekk ekteparet med seg kvar sin blomebukett.

Eg trur nok at mange kunne tenkt seg meir av dette paret ein annan gong. Kanskje litt kjent og kjær stoff. Det er kanskje muleg å få dei til ein ny kulturkveld ein gong seinare?



Gro Siri Ognøy Johansen og Gunnar M. Karlsen med velfortente blomar.

Leirbål i Ognahabn

Tekst: May Jorunn Vatnaland - Foto: Therese Våge


Tirsdag 3.september arrangerte speidarane på Bokn leirbål i Ognahabn. Dette er blitt ein tradisjon i samband med Nord-Rogaland og Sunhordland Friluftsråds friluftsseke.

godt frå finværet.

For dei som ikkje hadde fått tid til middag heime var det fyr i grillen til pølser og liknande.




Veret var aldeles nydeleg, noko som gjorde kvelden perfekt.



Stor aktivitet i sjøen med kanoar og "Ta sjansen"-båtar.

Alle speidarar, ulv og meisar hadde møtt opp. Dei fleste hadde familie med, i tillegg var det fleire andre - både unge og eldre. Nokon kom sjøvegen og andre køyrde bil.

Me begynte kvelden på speidarvis, med flagguttrulling og Fedrelandssalmen. Leiv holdt ein kort andakt, så alle fekk nokre vise ord for kvelden. Programmet var ellers fritt. Dei vaksne drøste og ungane koste seg. Leiv hadde tatt med kanoane til speidaren, dei var populære.. Ellers fikk me låne "baljekanoane" fra båtforreningen. Det var yrande liv både til vanns og lands. Fleire hadde tatt med badetøy, og temperaturen hadde holdt seg




Årets siste bad for Janne Elin og Lillian?

Leiv hadde koka god kakao som ble servert til alle. Me spanderte og dessert til dei som ville ha. Menyen her bestod i grilla epler og bananer med kanel, sukker og sjokolade.



Irmelin grillar kveldsmat.

For underteikna som ikkje fekk med seg St. Hans-feiringa i år pga. korpstur var dette ei god erstatning. St. hans blei også feira i Ognahabn, men tradisjonen tro var det både kaldt og surt den dagen. Ellers var Ognahabn



To grillmeistarar, Øyvind J. Ognøy og Henrik Nedrebø.

habn nytt av året for den slags feiring. Etter mange småbarnsforeldre og båtfolks ønske blei dette forsøkt. Har fått god tilbakemelding om dette. Ønsker gjerne tilbakemelding om nokon meiner noko anna. (St.Hans veret kan me ikkje endra på....)

Barn, ungdom og helse

Reidar Alvestad

Fysioterapeut med meiningar

Geir Austvik har hatt arbeid som fysioterapeut i Bokn kommune i 14 år. Han starta ganske moderat med 20% stilling. Etter kvart såg han at behovet for fysioterapi i kommunen vart større. I dag er stillingsstorleiken 60%.

Innfallssporten hans til temaet barn og helse er at han har drive barne- og ungdomsarbeid som trenar innafotball mange år. I dette arbeidet har han registrert ei utvikling som bekymrar han. Nivået er blitt mykje dårlegare når det gjeld kor flinke ungane nå er til å sparka fotball, og dette meiner Geir Austvik kan skuldast ei rekke årsaker som han her vil gå litt nærare inn på. Han understrekar at årsakene som han oppgir, ikkje alltid er underbygde av statistikkar og undersøkingar, men er konklusjonar som han har kome fram til ut frå eigne kunnskapar og erfaringar.

Samfunns utviklinga

For ein del år sidan var det ikkje vanleg med så mange organiserte fritidsaktivitetar for barn og unge. Dei hadde meir fri lek og anna uteliv, og på den måten fekk dei brukt kreftene sine meir aktivt og mangfoldig enn i dag.

Den fysiske aktiviteten var meir jamn og mangearta enn det er i dag. Kroppen treng rørsle og aktivitet, og fysioterapeuten meiner at dagens unge får mykje mindre fysisk aktivitet innafotball den organiserte idretten enn dei gjorde før.

Kvar heim eit lite transportbyrå

I dag er kvar familie med barn så og seia ei lita samferdslebedrift. Barn og unge skal kjørast til og frå barnehage eller skule. Resten av dagen skal dei på ulike aktivitetar som også er avhengig av transport. Dei fleste har sykkel, men det er etter kvart kome ei oppfatning om at det er svært farleg å sykla langs vegane, sjølv om det er kome sykkelveggar. Geir Austvik skjønar at foreldre gjerne vil ha skuleskyss til barna, men mange gonger blir det ei bjørneteneste for barna

at dei har buss- eller biltransport når dei kan gå eller sykla. Han meiner at alle barn treng eit minimum av fysisk aktivitet, og skulevegen er her ein viktig faktor til fysisk aktivitet for dei som ikkje har altfor lang veg.

Overbeskytta barn?

Geir Austvik stiller spørsmålet om den gode tanken om at barna skal beskyttast frå farefulle situasjonar blir så overdriven at det medfører at barna i tillegg til at dei får mindre fysisk aktivitet, også blir hjelpelause i andre situasjonar som krev at dei har erfaring frå å takla ulike utfordringar dei etter kvart vil koma opp i.

Barn er nysgjerrige, og vil gjerne klatra i haug og hammar, tre og liknande. Det blir det ikkje så mykje av i dagens samfunn. Leikeapparata er laga slik at dei er begrensande for fysisk aktivitet og fri utfolding. I det heile meiner fysioterapeuten at dei organiserte aktivitetane ikkje på langt nær gir den utfordringa og aktiviteten som ungane har behov for. Han synest reglar om varsemd og tryggleik går som ein raud tråd særleg i dei offentlege organisasjonane som har med barn og unge å gjera, og meiner at barn og unge i det lange løp vil tapa på dette.

Endra livsstil


Dagens samfunn og livsstil gjer ikkje bildet noko betre. Kosthald, daglegliv med mykje stillesitting framfor data-skjerm og TV er med på å minska den fysiske aktiviteten hos barn og unge. I tillegg er nye kostvanar og for mykje inntak av snop, potetchips, brus og andre søte og feitthaldige saker blitt daglegdags for mange. Dette unyttige feitt- og sukkerinntaket var greitt nok så lenge det begrensa seg til lørdagskvelden, men har nå blitt utvida i altfor stor grad. Saman med liten fysisk aktivitet meiner Geir Austvik at desse kombinasjonane med fedme og liten fysisk aktivitet er i ferd med å bli eit kjempeproblem. Det er for lengst konstatert at ikkje berre vaksne, men også barn og unge har fått ei auka gjennomsnittsvekt som på sikt vil gi negative utslag for helsetilstanden. Det har ein langtidseffekt som me berre har sett starten på. Fysioterapeutar ser fleire og fleire unge som har desse symptoma og får belastningsrelaterte plager.

Dersom ein ikkje får bygd opp ein sunn og frisk kropp i barneåra, har ein lite å gå på i vaksen alder.

Fysisk aktive har fortrinn

God sansemotorisk utvikling er positivt for all annan form for læring og adferd. Fysisk aktivitet vil difor vera med på å gi eit gode forutsetningar også for lesing og skriving. I det heile gir jamn fysisk aktivitet og meistring av fysiske ferdigheter fortrinn i all læring og utvikling.

Geir Austvik meiner at dei områda han her tar opp er eit problemområde i alle generasjonar. Foreldra er modellar for barna sine, og i dagens samfunn er det mange som har meir enn nok med eigne liv. Andre enn foreldra skal ta seg av barna, som organisert idrett og andre aktivitetar. Med denne ordninga vil barna etter kvart ta etter foreldra, og sjølv ha same forholdet til eigne barn. Motsett ser ein heldigvis at modellforholdet



Fysioterapeut Geir Austvik ved inngangsdøra til lokala han har på Boknatun.

også verkar slik at barn med foreldre med eit aktivt friluftsliv ofte sjølv følgjer opp dette i vaksen alder.

Konkurranse

For ein del år sidan var dette med konkurransar meir vanleg og akseptert, også når det gjeld dei unge. I dei seinare åra er dette sett på som negativt. Fysioterapeut Geir Austvik meiner at likskapsidealet har ført til at særleg dei flinkaste ikkje får store nok utfordringar. Det gjeld også dei minst flinke. Fysioterapeuten seier at resultatet blir at alle går lettere leie, og får for få utfordringar. Fysiske og andre aktivitetar blir tilpassa eit middels nivå for at ein skal få færre taparar, og mangel på konkurranse gjer at mange blir likegyldige. Geir Austvik seier at han særleg ser dette i fotballmiljøet hos dei unge. Dei flinkaste har meir problem med å yta det som trengst, og har heller ikkje god nok sjølvtilitt til at dei kan meistra det som krevst av dei. Fysioterapeuten meiner at gymnastikkfaget i skulen heller ikkje har vore godt nok.

Gutane taper

Geir Austvik meiner det er er gutane som taper mest på at det er så lite konkurranse og mangel på fysisk aktivitet i dagens samfunn. Han meiner det er altfor få mannlege modellar i barnehagar og skular. Difor trur han også at dei såkalla "mjuke" verdiane blir såpass mykje vektlagde at det ikkje er plass til tradisjonelle litt tøffare konkurransar og fysisk aktivitet. Han trur at mange gutar av denne grunn får for få utfordringar, noko som kan resultera i negativ oppførsel eller passivitet og likegyldighet. Han meiner at konkurranse er positivt i den forstand at det er med på å løfta deltakarane. Han medgir likevel at det også er negative trekk ved konkurranse, men at pendelen har gått for langt i likskapsmodellen.

Innafor idretten meiner også Geir Austvik at likskaps-

modellen styrer for mykje. Han meiner at breiddeidretten er viktig, men at det innafor dette blir for lite utfordringar og konkurranse. Han stiller derfor spørsmålet om me eigentleg får færre taparar ved å ta bort konkurransen.

Framtida

Fysioterapeut Geir Austvik seier til Bygdabladet at dersom det nå ikkje blir lagt opp ein strategi mot den livsstilsutviklinga ein nå har med lite fysisk aktivitet og overvekt heilt frå barneåra, vil samfunnet få store problem i åra som kjem. Ut frå si erfaring meiner fysioterapeuten at mangel på fysisk aktivitet og uheldig kosthald fører til at mange hoppar på slankekurar som berre gir kortvarige vekttaut. Det må varige livsstilsendringar til for at desse problema skal vendast til det betre. Han føler seg trygg på at ansvarlege fagfolk og politikarar vil ta tak i den negative utviklinga. Sjølv nemner han eit lokalt eksempel som den nye barnehagen. Han burde vore lagt ein stad med mykje uberørt natur, og vore ein naturbarnehage. Varierte uteareale gir utfordringar. Nå er alt styrt og regulert innafor små inngjerda område. Elles må gymnastikkfaget styrkast og takast meir på alvor. Trenarar innan idrett må få meir opplæring og bli meir kompetente. Han meiner også at konkurranse ungane mellom er nødvendig, sunt og viktig. Men det viktigaste tiltaket er at foreldre blir meir bevisste i oppfostringa av barna når det gjeld kor mykje dei skal sjå TV, sitja ved datamaskin, og dette å vera gode modellar i forhold til fysisk fostring. I den generelle samfunnsutviklinga meiner han at det

Kva meiner du? Du er alltid velkommen med meningsyttringar i bladet.

- redaktøren -



Distanseritt på Ognøy

Lørdag 31.august var det distanseritt på Ognøy med Bokn Ride- og Kjørekлубb (BORK) som arrangør.

Rittet er en del av Sør-Vest-cup'en i Rogaland. Tross temperamentsfulle regnbyger var det fine løypeforhold for rytterne.


Resultatene ble som følger:

Lang løype:

- Nr. 1 : Jostein Kvinnesland, Felia (Tysvær Ryttersportsklubb)
- Nr. 2 : Hanne Førland, Sham (Tysvær Ryttersportsklubb)
- Nr. 3 : Synnøve Odland, Whirlwind (BORK)

Kort løype:


Løypen ble ridd på idealtid. De tre som kom best ut var Charlotte Kolnes på Gingar (Ålgård), Anita Våga på Feline (Haugesund) og Eline Staalesen på Dimma (BORK).




Kari Christensen

Frå Distanserittet 1999

(Arkivfoto)



SKULEN INFORMERER



Skulekontoret, 52 75 25 69 kl. 08.25 - 12.25
alle skuledagar med unntak av fredagane.

Serviceerklæring for Bokn skule

(Ei første prøveutgåve)

Forord

Kva er ei serviceerklæring?

Etter å ha lest ein del slike erklæringar, kan det synest som det er meir enn eitt svar på det spørsmålet.

Me har valt, i arbeidet med ei serviceerklæring for Bokn skule, å prøve å

- lage erklæringa til og for foreldra
- seie i erklæringa, der det er mogleg, kva foreldra har rett til å forvente av skulen

Sidan dette er første gong me gjer dette, har me valt å starte med ei "prøveutgåve".

Prøveutgåva er kort og ufullstendig, og har mange manglar, men den bør vere tilstrekkeleg til at du kan meine noko om den?

- Er det noko slikt som dette foreldra har sakna, og politikarane har meint ?
- Kva er i så fall bra i prøveutgåva, og kva bør gjerast annleis ?
- Kva saknar du ?

Me vil svært gjerne ha tilbakemeldingar.
Bruk telefon, brev eller e-post.

Med helsing Ingjerd og Dag

Kva gjer du dersom du kjenner deg utrygg på om barnet ditt har det bra på skulen eller på skulevegen?

Er du det minste i tvil om at barnet ditt har det bra på skulen, skal du ta kontakt og be om informasjon. Det er du som avgjer kven du vil snakke med. Det er alltid lettast å snakke om slikt med ein du kjenner godt og har tillit til.

Men hugs at dersom skulen skal ta ansvar og ta tak i problemet, må du ta kontakt med klassestyrar og/eller rektor. Har du gjort det, har du krav på at rektor og klassestyrar drøfter situasjonen og gir deg ei tilbakemelding, med orientering om korleis skulen vurderer situasjonen og kva som er gjort eller vil bli gjort.

Dersom du ikkje er samd i vurderinga til skulen, eller framleis føler deg utrygg, kan du via rektor be om å få ein faginstans utanfor skulen til å vurdere situasjonen.

Sannsynlegvis vil du finne ei løysing saman med klassestyrar/rektor.

Men dersom du føler at du ikkje kjem nokon veg, kan du sende skriftleg klage.

Klagen sendast skulen ved rektor, og vil av rektor bli sendt vidare til seksjonssjef/rådmann for behandling.

Korleis undervisninga blir styrt

Rektor Ingjerd Ellingsen er øvste administrative og pedagogiske leiar for skulen.

(I ein del saker som gjeld skulen er avgjerdsretten lagt til seksjonssjef Dag Halvorsen. Det gjeld mellom anna einskildvedtak om spesialundervisning og ekstra tiltak for elevlar.)

Du har som foreldre krav på at undervisninga følgjer gjeldande læreplan (L97) både når det gjeld innhaldet i undervisninga, og valet av arbeidsmåtar.

Du skal kunne følgje med i kva som blir undervist, og korleis arbeidsmåtane er, gjennom arbeidsplanar som elevane får til å ta med heim. Arbeidsplanane kan dekkje eit kortare eller lengre tidsrom, som skal vere tilpassa eleven sin alder og modning.

I tillegg vil klassen ha årsplanar, eventuelt halvårsplanar, som styrar undervisninga, planar som du skal ha tilgang til.

Dersom eleven har avvik frå måla i læreplanen i eit eller fleire fag, har du krav på at det før kvart skuleår blir laga ein individuell opplæringsplan (IOP) med mål for undervisninga, og at det kvart halvår blir laga rapport over undervisningsarbeidet. IOP-en skal alltid drøftast med foreldra før den blir tatt i bruk.

Du skal før skuleåret tek til få opplyst frå skulen kven som er ansvarleg for å lage IOP-en for ditt barn.

Klassestyraren har ansvar for å halde tilfredsstillande kontakt med heimen, og for at undervisninga gjennom dagen og veka er planlagt slik at kvar einskild elev opplever samanheng og struktur i undervisninga. Dette ansvaret gjeld for alle timar og alle fag, også når eleven har ein annan lærar i faget, eller får ekstra hjelp og støtte.

Den einskilde faglærar har ansvaret for kvaliteten på undervisninga i sine timar, og for å følgje den felles planlegginga som er gjort saman med klassestyrar for klassen.

Dersom faglærar har elevlar i klassen som har IOP i det aktuelle faget, skal faglærar sjå til at eleven med IOP får sin undervisning integrert i klassen sin undervisning, så langt det er mogleg og fornuftig for eleven. Dette gjeld også der eleven har ekstra lærar eller elev-

assistent.

Klassestyrar har ansvar for at det kvart skuleår blir halde to møte med foreldra til den einskilde elev, der både foreldra og klassestyrar skal ha avsett nok tid til å kunne informere kvarandre om utviklinga til eleven, og drøfte det vidare arbeidet.

Klassestyrar har også ansvar for at det kvart skuleår blir halde to møte med alle foreldra i klassen samla, der undervisningsplanar og sosial utvikling i klassen blir drøfta.

Skuleskyss

Opplæringslova seier kven som har rett til fri skuleskyss.

I tillegg har kommunen vedteke eigne reglar for kven som har rett på fri skyss.

Det er fylkeskommunen som bestemmer korleis skuleskyssen skal organiserast, og kommunen som betaler for dei som har rett på fri skyss, enten retten er etter Opplæringslova eller etter kommunalt vedteke reglar.

Når det gjeld kvaliteten på skuleskyssen gjeld følgjande reglar vedteke av fylkeskommunen:

- Skuleskyssen skal leggjast til rette slik at elevar ikkje blir påført unødige belastningar med gangavstand

og ventetid.

- Fylkeskommunen har som utgangspunkt at elevane skal bruke rutegående transportmiddel, men fylkeskommunen vil vurdere særskilt skyss dersom
- gangavstand mellom bustad og busshaldeplass er meir enn 1,0 km for 1. klasse og meir enn 2,0 km for 2.-10.klasse
- samla reise- og ventetid undervegs ein veg overstiger 45 minutt for 1.- 4. klasse, 60 minutt for 5.-7. klasse og 75 minutt for 8.-10. klasse.

I dei tilfella foreldra meiner skuleskyssen ikkje oppfyller desse kvalitetskrava, bør rektor få melding. Rektor vil ta dette opp med Haugaland Billag som er ansvarleg for skyssopplegget på vegne av fylkeskommunen.

Branntryggleik

I tilfelle brann i skulebygget i skuletida, eller annan hending som utløyser brannalarmen, blir elevane samla på skuleplassen ved barnehagen. Øvingar viser at det tek 2-4 minutt frå alarmen går til alle elevane er ute og elevtalet kontrollert.

Dersom det er fornuftig/nødvendig, vil elevane bli ført klassevis vidare til Boknatun.

Skulle det ryktast at noko har skjedd på skulen, slik at elevane er evakuerte, vil me rå til at foreldra kjem til Boknatun for å møte barna sine der.

MINNEORD

Ruth Aarsand er død, 83 år gamal.

Ho var fødd og oppvaksen i Bokn. Foreldra var Gunhild Alvestad og Dag Thuestad, og ho var eldst av tre sysken.

Ruth var gift med Bjørn Aarsand. Ho jobba på Hermetikfabrikken i fleire år, og også på Natrutra og Karmøy Hotell.

Ho hadde mange hobbyar. Hekling, strikking og lappeteknikk, blomar og hagestell, baking, spesielt potetkaker. Ruth likte også godt å reisa på tur og hadde stor glede av musikk.

Ruth var generøs og gjestfri og hadde alltid tid til alle. Ho var glad i folk og lett å koma i kontakt med.

Ho etterlet seg tre barn, sju barnebarn og sju oldebarn.



Ruth med oldebarnet Benedikte i oktober 2000.

Balsam for kropp og sjel!

Jardar Havikbotn

Den fyrste helga i september drog seks gode naboar til Etnefjella for å gjera seg feite på stor slått natur og opplevingar, og ikkje minst få god trim. Det blei ein fantastisk tur med variert vær og føre.

Forutan undertekna og kona Wenche var Kristin og Jan Eide og Randi og Helge Kristian Nilssen med. Sistnemnde må karakteriserast som *Fjellgeit* og har 10 års jubileum i år som fjellvandarar. Ordet *erfaring* fekk han mykje frå meg i løpet av helga, noko som allerede gjorde seg gjeldande før me skulle køyra til Åkrafjorden på fredags ettermiddag. Han var nemleg den einaste som troppa opp i kortbukse. Det var vanskeleg å tenka seg, i alle for meg som var den einaste som ikkje hadde

gangs den fyrste delen opp mot Simlebu. Det tok ikkje lang til før sveitten rann både her og der då me pusta og peste oppover ein steinrøyssti med 10-15 kg på ryggen. Men etter at pulsen og terrenget hadde roa seg litt og trea blei mindre og mindre før dei forsvann heilt, var det ein fryd alt saman. Då kunne me nyta stillheten, akkompagnert av litt bekkebrus og bjelleklang frå nysgjerrige sauer. Rastinga bestod i å fylla koppene eller plastflaskene med rennande vatn og å forsyna oss frå blå lyngtuer langs den godt merka stien. Blåbær var det nok av under heile turen. Etter 1 t og 50 min. kunne me godt fornøgdgå inn i hytta på Simlebu. Dvs. på den såkalla sikringshytta, etter avtale med ein annan gjeng på 13 stk. Dei fleste hyttene har ei slik sikringshytte, og alle får plass.

Tidleg neste dag stod me foran den lengste strekninga, til Sandvass. Eit vær som etter kvart utvikla seg til kuling og regn sørja for at det tok 6,5 timar før alle sat på neste hytte. Men det gjorde sjølv sagt ingenting, me hadde heile dagen på oss. Med kulisser som Folgefonna, stor slått natur med brusande vassdrag og underlag frå steinberg til mose i både skråningar og flatt terreng, opplevde me alt frå meir eller mindre strabasiose elvepasseringar, plastresupplering mot å få gnagsår til molteeting i nydeleg terreng ved det store Vaulavatnet. Der åt me litt nistemat. Vêret sørja for at det blei ei kort rast. Den kjente Langfossen i Åkrafjorden kjem frå dette vatnet. Noko av det hardaste på turen var oppstiginga derifrå til turens høgaste punkt på 980 m. Kulingen sørja for ein svært sjarmfull etappe, der han fekk oss til å sjå ut som levande klessnorer, men med regnpisk i fjeset. Då var det godt at det er noko som heiter vilje, og følinga med å stå på toppen, varm og god i kroppen med snøklattane under deg var ubeskriveleg. Det same var fiskinga i Sandvatnet om kvelden, etter at det hadde



Nøgd på Simlebu: fv. Randi, Kristin, Jan, Jardar, Helge og Wenche.

Foto: ukjent hyttekamerat

vore på fottur i fjellet før, kor varm ein blir etter å ha traska ei stund.

Det er viktig å planlegga ein slik tur godt, kor m.a. ting som løype/hytte, klede, mat og anna nødvendig utstyr blir drøfta. Aktuelle brosjyrar, bøker, og internett er gode å bruka. Og sjølv sagt, *lytt til erfarne fjellfolk!*

Me valgte tydelegvis ei populær rute, Rullestad, Simlebu, Sandvass, Markhus. Og me hadde heller ikkje rekna med å vera aleine i fjellheimen denne helga. Det sosiale hyttelivet er ein del av sjarmen. Ein av bilane blei parkert på Markhus og den andre på Rullestad.

Nå er det ein gong slik at for å koma opp i høgda må ein rekna med stigning, og det var det til



Av og på med regnjakka i regnbuevær på snaufjellet.



Foto: Wenche

klarna opp og stilna heilt, og utan mygg. Fantastisk!

Søndag var det stort sett berre nedover mot Markhus, ein fantastisk panoramatur då Åkrafjorden kom til syne! Men for støle bein er det ikkje så behageleg å gå bratt nedover. Me gjekk i ulike tempi, ein sprang ned med nokon andre for å henta bilen som stod på feil plass, nokon tok pausar og naut panoramaen, ei måtte gå heila tida så ho ikkje stivna heilt i beina. Men alle kom trygt ned, strålende fornøgd med turen.

Det var lite dyr å sjå på fjellet då me var der. Ekskrement frå Lemen var det mest spennande. Då var det meir variert med mennesketypene. Som regel er det pensjonistar som farer forbi deg så søla skvett, folk som har gått i fjellet heile livet. Dei som er i best form av alle.

Dei fleste boknarar har sannsynlegvis best erfaring med Etne- og Saudafjella vinterstid, men prøv ein fottur før vinteren set inn, du vil ikkje angra!





Foto: Jan



Øverst tv.: Jardar, Randi og Kristin er våte og fornøgde i 980 meters høgde.

Øverst th: Jan og Kristin nyt panoramautsikt med Markhusstølen og Åkrafjorden i bakgrunnen.

Nederst: Kald dukkert i Sandsvatnet for Wenche og Helge.



Helge på tur med eit smil.

Helge Kristian Nilsen (44 i okt.), som jobbar i Stvg. for Aker-Kvæerner, er saman med Steeven Høyland den mest erfarne *fjellgeita* i Bokn. I løpet av 10 år har han m.a. vore fleire gonger på Hardangervidda, Ryfylkeheiane og Skarvheimen mellom Jotunheimen og Hardangervidda. Han drar på turar både sommar og vinter, og det er fast kvart år med vintertur saman med Steeven. Andre fjellturentusiastar som har vore med *fjellgeitene* er

Per Helge Sunde, Frank Karoliussen, Otto Fostenes, Terje Hognaland, Ronny Taraldlien og Jan Eide.

- Ingen har vondt av fysisk fostring, seier Helge, som har fleire løp bak seg på Haugalandet, m.a. Firebruersløpet i Bokn. I år kjøpte han seg kajakk og melde seg inn i kajakkklubbar i både Haugesund og Stavanger. Helge sykklar også mykje, og veka etter fjellturen tråkka han heile 7 mil rundt i Stavanger.

Han har aldri gått i Etnefjella før, og synest det var ei flott oppleving, med variert natur frå skog og dalar til snaufjell.

- Eg likar at det skjer noko heile tida. Dei flate viddene i nordaustre del av Hardangervidda blir lett for kjedelege.

Mannen med dei sunne interessene var ein fryd å ha med seg på tur i Etnefjella. Erfaringa hans kom godt me både i planleggingsfasen og under turen. Han kom med tips og valgte dei beste traséane i forhold til stien. Helge motiverte dei andre med å stadig vera optimist. *Fjellgeita* er den typen som klatrar og spring i førevegen for å halda av gode plassar på hytta, den som kostar nedover fjellsida for så å klatra oppover igjen og ta sekken din! Når dette blir blanda med godt humør og vittige kommentarar til det meste treng ein ikkje seia meir.




Det internasjonale Fjellenes år

2002 er utpekt som FNs Internasjonale Fjellenes år. FN ønsker å sette søkelyset på fjellregionenes betydning og sårbarhet verden over.

Fjellenes år presenterer en oppfølging av Rio-konferansens Agenda 21, som slo fast at like viktig som arbeidet mot ørken-spredning og klimagasser- er vern av fjell. Norge er et av nærmere 50 fjelland som vil markere året.

Haugesund Turistforening,
(www.turistforeningen.no/htur/codeland/) har sammenhengende sti- og hyttenett fra Opheim i Ølen til Seljestad i Odda. I år har dei saman med Sauda Turlag og Etne Turlag laga ein brosjyre som heiter *Fra hytte til hytte i Etnefjellene*.



Brosjyra gir ei oversikt over HT's hytter og merka turløyper, og ho gir deg all den informasjonen du treng for å ferdast på hyttene deira, enten du er nybegynnar eller erfaren i fjellet. Bokn kommune er ein av sponsorane til brosjyra, som du kan få i Servicetorget.

Iflg. Nord-Rogaland og Sunnhordland Friluftsråd (<http://www.nrshf.no/>) er Etne- og Saudafjella det viktigaste turområdet til fjells på desse kantar.


Etne- og Saudafjella

Den breie fjellryggen frå Seljestad til Ølen inneheld mykje spennande. Sett nede frå riksveg 11 og Åkrafjorden verkar terrenget utilnærmeleg med bratte fjellsider, men kjem du opp i høgda vil du oppleve at Etnefjella byr på et variert og lettgått terreng, med saftigrønne fjelldalar og toppar opp mot 1400 m. I sør og aust blir dette området kalla Saudafjella. Der er terrenget meir prega av store dalføre som Slette-dalen, Åbødalen og Nordstøldalen.

Du kan vandra rett inn i Etnefjella om du kjem fra Hardangervidda og Seljestad, men ellers starter rutene gjerne nesten nede ved fjorden. Du må belaga deg på ein del stigning første dagsmarsj for å besøka nokon av hyttene i dette flotte fjellområdet.

På fleire av turane opp i fjellet kan du gle deg over å vandra langs flotte vassdrag. Kombinasjonen nedbør og bratte fjellsider gir fleire praktfulle fossefall som heldigvis for det meste har gått klar av kraftutbyggarane.

For den historisk interesserte finst det fleire gravrøyser fra vikingtiden som er verdt å kikka nærare på, t.d. er røysa ein km nord for Sandvasshytta spesielt godt bevart. Minneplata ved vatnet Vaulo mellom Simlebu og Sandvasshytta fortel også at Etnefjella rommer mykje dramatisk historie frå krigens dagar.



Fra dr. David S. Gotaas, USA har Bygdabladet fått tilsendt følgende:

MINNEORD

Vi har mistet en meget god venn. Magnus Sondeland døde søndag morgen, 28. juli.

Magnus ble født i Bokn i 1909, og kom til USA som tenåring. Så lenge han levde var han stolt av sitt fødested, og gledet seg hver måned til å motta Bokn Bygdeblad. I løpet av de to siste år satt han spesielt pris på at det i et nummer var bilde av hans fødehjem, og i et annet bilde av han selv på forsiden og bilde og brev om han inne i bladet.

Etter at Magnus' kone Venette døde i 1993, flyttet Magnus til Fairhaven Christian Retirement Center of Rockford, Illinois. Magnus' hovedyrke var maler. Som pensjonist slappet han av med å spille kroken og Rook. Han likte veldig godt å se Chicago Cubs spille baseball, enten på storskjerm eller på Wrigley Stadion, og reiste til sistnevnte hver gang Fairhaven sponset busstur dit.

Noen av oss ble kjent med Magnus under søndagsmiddagene på Fairhaven. Han var alltid velkledd, og utstrålte et vennlig smil til sine venner ved bordet, og la av og til inn et ord om Guds godhet. Bare hans nærmeste venner visste at han hadde gjennomgått en stor hjerteroperasjon i 1995, og at han i de siste år hadde kjempet med et betydelig tilfelle av kreft som han imidlertid syntes være

helbredet av i en alder av 92.


Magnus så positivt på livet. På sykehuset de 13 siste dagene av hans liv, kunne de høre han synge julesanger både på norsk og engelsk. Med en fast overbevisning på Guds kærlighet, og en like sterk tro på Jesus Kristus, utstrålte Magnus Sondeland en oppmuntring til alle oss som var velsignet med å kjenne han.

Magnus ble bare kalt "Max" av hans søster Erna Larson og nære venner, men som "onkel Max" av hans tre nieser Lillian Brynjelsen, Elizabeth Radley og Randi Petrakis, alle boende i Greater Chicago området.

Idet vi i Fairhaven Retirement-familien vet at Magnus hadde mange gode slektninger i Norge, ønsker vi å sende dem våre dypeste kondolanser, med uttrykk om at minnet om

Magnus som nå har forlatt oss, fortsatt er her hos oss i Guds bilde. En Gud han elsket høyt. Takk for at dere delte han med oss i Amerika.

Hvis vi hadde hatt anledning til å sende Magnus et kort brev nå ville ordlyden ha vært: "Takk Max", med tilføyselsen "takk for at du beriket våre liv med ditt personlige vennskap og ved din kjærlighet og ditt liv for Herren Jesus Kristus".



VÆR GODE

*Vær gode, gi varme
vis omsorg mot alle
En liten bror, nær ved å falle
Ei lita søster, ta hennes hånd.
Gi kjærlighet, men bruk varsomme bånd.*

*Døm ikke den som må gi opp alt
sitt hos ham, gi varme, han har hatt det kaldt.*

*Kast ikke sten på en mislykket sjel
Men hjelp han på fote, og gjør ham hel.
For den det gikk galt for, stå ved hans side
Vis at du bryr deg, la han slippe å lide*

*Og ser du noen som snublet og falt
med varsomhet hjelp han,
VÆR JORDENS SALT!*

Kari Servereide 1986

KULTURKALENDEREN

- nye arrangement/forandringar blir utheva eller understreka kvar gong -

SEPTEMBER

- 27.: **Irsk Aften på Sjøhuset kl. 20.00 - arr. BIL**
 27-
 29.: Juniorkorpset til Karmøy Brass Festival
 29.: Hausttakkefest i kyrkja kl. 11.00
 29.: **Gideon har møte på bedehuset kl. 19.30**
 30.: **Kurs i KR-1 - grønt kort/rytterlisens, Krovågen Hestesenter kl. 19.00**
 30.: Bingo - arr. Bokn Musikkorps

OKTOBER

- Ridekurs på Ognøy og på Krovågen Hestesenter mandager, tirsdager og onsdager i denne mnd. 6. - 13. - 20. og 27. er det Søndagsridning på Ognøy.**
 02.: Basar Indre sjømannsmisjon kl. 19.30
 03.: ALPHA kl. 19.00
 04.-
 05.: Tur til Sandbekken for ulv og meis
 06.: Bokn søndagsskule på Bedehuset kl. 10.30
 06.: Møte Normisjon kl. 19.30
 09.: Redning barmark - arr. BRKH
 09.: Kontaktmøte kl. 19.30
 11.: **"Vi over 50" på Sjøhuset i Alvestadkroken kl. 20.00**
 12.-
 13.: Musikkorpset, voksenkorpset har seminar på skulen
 13.: Gudsteneste kl. 11.00
 17.: ALPHA kl. 19.00
 20.: Bokn søndagsskule på Bedehuset kl. 10.30
 20.: Møte NMS kl. 19.30
 23.: Korpskveld for BRKH
 25.: **Kulturkveld på Bedehuset kl. 19.00 med temaet Elias Blix**
 25.-
 27.: Troppstur for speidarar til Vigdarheim
 27.: Gudsteneste kl. 11.00
 27.: Bingo - arr. BIL
 26.: Dans på skulen med Midtsambandet - arr. BIL
 31.: Bokn Pensjonistforening, Allrommet kl. 17.30
 31.: ALPHA kl. 19.00

NOVEMBER

- 03.: Gudsteneste kl. 19.00
 05.: Opptaksfest for speidarar på Bokn Bedehus kl. 18.00
 06.: Korpskveld for BRKH
 07.: Soknerådsmøte kl. 19.00

- 07.: **Salgsmesse, vevstova kl. 19.00 - arr. Bokn vevstove**
 08.: Møte ABR senteret kl. 19.30
 09.-
 10.: Musikkorpset, juniorkorpset har seminar på skulen
 10.: Frelsesarméen har Familiemøte m/sundagsskule på Bedehuset kl. 10.30
 14.: ALPHA kl. 19.00
 15.: Møte Israelsmisjonen kl. 19.30
 16.: Auksjon på skulen - arr. Bokn musikkorps
 17.: Gudsteneste kl. 11.00
 18.: **Årsmøte i BORK kl. 19.00 på Krovågen Hestesenter**
 20.: Korpskveld for BRKH
 22.: **Bedehusbasar kl. 19.30**
 24.: Bokn søndagsskule på Bedehuset kl. 10.30
 24.: Julebingo - arr. Bokn musikkorps
 28.: Bokn Pensjonistforening, Allrommet kl. 17.30
 28.: ALPHA 19.00
 29.: **"Vi over 50" på Sjøhuset i Alvestadkroken kl. 20.00**

DESEMBER

- 01.: Tenning av julegrana på skulen og Boknatun - arr. Røde Kors og Musikkorpset
 01.: Lysmesse i kyrkja med speidarprosesjon
 03.: Juleavslutning for speidarar, ulv og meis på skulen, kl. 18.00 - 21.00
 04.: Korpskveld for BRKH
 05.: ALPHA kl. 19.00
 07.: **Jul i stallen kl. 13.00, Krovågen Hestesenter**
 07.: **Nissemarsj kl. 16.30 - arr. BIL/kulturkontoret**
 08.: Bokn søndagsskule på Bedehuset kl. 10.30
 08.: Luciafest - arr. Bokn musikkorps
 12.: Soknerådsmøte 19.00
 15.: Gudsteneste kl. 11.00
 18.: Juleavslutning med graut, Røde Kors
 19.-
 24.: Sal og utkøyring av juletre - arr. BRKH
 22.: Juletrefest på Bedehuset kl. 15.00 -arr. Bokn søndagsskule
 24.: Gudsteneste kl. 14.30
 26.: Gudsteneste kl. 11.00
 27.: Romjulsfest på Are
 28.: Romjulsdans på skulen - arr. BIL og Bokn Røde Kors
 29.: Juletrefest kl. 15.00
 31.: Gudsteneste kl. 16.00

GYMSALTIMEPLAN, KVELD


DAG	AKTIVITET	KL.	ANSVARLEG
Måndag	Fotball 11-12 år Bokn Musikkorps	16.30 - 18.00 20.00 - 22.00	Gunnar Bokneberg Lillian Grønnestad
Tysdag	Barnetrim Fotball, A-lag Aerobic	16.15 - 17.00 19.00 - 21.00 21.00 - 22.00	Anne Faye og Rannveig Foss Kjetil Hamre June Kro
Onsdag	Fotball 7-8 år Badminton Volleyball, vaksne	17.00 - 18.00 18.00 - 19.30 20.00 - 22.00	Jan Kristian Jøsang Bufellesskapa i Bokn Atle Jøsang
Torsdag	Bokn Musikkorps (inkl. kjøkken og musikkrom) "Linedance" i partalveker	17.00 - 19.00 20.00 - 22.00	Lillian Grønnestad Marianne Lie Alvestad
Fredag	Badminton Fotball, A-lag	17.30 - 19.00 19.00 - 21.00	Bufellesskapa i Bokn Kjetil Hamre

Til Sjøppelberget i Manilla, Filippinene

Jardar Havikbotn

Kari Hetland (42) skal 27. okt. på tre vekers reise med Ungdom i Oppdrag (UiO) til Filippinene. Frå ein base i Olongapo skal ho m.a. jobba blant familiar som bur på Sjøppelberget i Manilla, og som livnærer seg av boss.

Kari er ikkje ukjent med å reisa langt bort for å hjelpa mennesker som har det vondt. I 1992 gjekk ho inn i Ungdom i Oppdrag sitt arbeid i Korea,



Malaysia og Thailand etter å ha vore på kurs i tre mnd. på Hawaii, på CDTS - Crossroad D disciple Training School.

Ho fortel at ho fekk ein telefon frå Anne Marie Honningdal om ho ville vera med henne til Filippinene. Honningdal (68) frå Ålesund kallar seg

for *Bestemor i Oppdrag*. Ho var på Filippinene seinast i vinter og har

utretta ufatteleg mykje der nede. Kari var ikkje i tvil om ho ville reisa. Som dei fleste i Ungdom i Oppdrag blei også Kari *gripe for livet* då ho var ute for 10 år sidan.

Basen til UiO har også "child day care" - ei slags hjelp til familiar der dei kan levera dei (kronisk) sjuke barna sine på dagtid, for å få eit pust i bakken.

- Den største trillebagen eg skal ha med meg skal berre innehalda barneklede. Paraplytralla til minstedottera mi blir også med. Anne Marie har fortalt meg at slike traller blir brukt der nede heilt til det siste hjulet går av, fortel Kari entusiastisk.

Har du lyst å bidra med noko kan du ta kontakt med Kari på tlf. 52 74 86 12

Ex.prostituerte frå Filippinene jobbar også på basen. Dei oppsøker barar og får kontakt med jentene, som då blir inviterte til basen. Og fleire har kome ut av det fornedrande livet på denne måten. Jentene som bur på basen får undervisning i Guds Ord og hjelp til å tena til livets opphold. Anne Marie Honningdal har lært jentene å sy. Ho har samla inn symaskinar og reist frå Ålesund fleire gonger for å hjelpa til på alle måtar. Det er ikkje rart at jentene berre kallar henne for *MammaMarie*.

UiO går inn i ting og spør seg: Kva kan me gjera her? Det er mykje praktisk arbeid, og prosjekt i UiO's regi er også alt frå bygging av hus og brønningar til driva hospitalskip. Kari fortel at det ikkje er uvanleg at legar og sjukepleiarar tar med seg familieane sine og bur på eitt av UiO sine fire hospitalskip, gjerne for eitt år i slengen, for å utføra tenestene sine. Og ingen får lønn og alle må betala oppholdet sitt sjølv. Kari har t.d. solgt fem rasekattungar med tanke på turen.

Det er ikkje fritt for at Kari guarar seg til turen, spesielt for dagleglivet på *Sjøppelberget*. Ho har sjølv-sagt vaksinert seg mot både stivkrampe og hepatitt. Ho vurderer også å ta Malaria-tablettar.



Her er *MammaMarie* i Olongapo med nokre av jentene på basen saman med barna deira.

Ho har også lova Bygdabladet ei reiseskildring, lykke til på reisa!



Sjøppelberget i Manilla.

Ungdom i Oppdrag er mennesker fra mange nasjoner og ulike kirkesamfunn som sammen danner en internasjonal misjonsbevegelse.

Vårt mål er å bidra med å fullføre misjonsbefalingen ved å presentere de gode nyhetene om frelse gjennom Jesus Kristus over hele verden. For å nå dette målet, vil vi mobilisere og trene mennesker, slik at de blir grunnfestet i den kristne tro, overgitt til et liv i helliggjørelse og utrustet med Den Hellige Ånds kraft. Vi ønsker å være et arbeidsredskap som lojalt kan samarbeide med alle evangeliske kirker og organisasjoner.

Vi ønsker å bidra til større enhet blant kristne. Selv om vårt arbeid favner mennesker i alle aldre, tror vi Gud har gitt oss et særlig kall til å trene og sende ut ungdom. Vi tror unge mennesker representerer et potensiale i misjonens tjeneste. Våre ledere og arbeidere er selv ansvarlige for sitt økonomiske underhold.

John Paddon

Tilskuddsordning for radon-tiltak

Husbanken kan gi tilskudd til reduksjon av radon-nivået i eksisterende helårs-boliger.

Har din bolig for høyt radon-nivå? Viser målingen en gjennomsnittlig radon-konsentrasjon i inneluften over 200 Bq/m³, kan du søke tilskudd til tiltak for å redusere radon-nivået.

Borettslag, aksjeselskaper og lignende kan også søke.

Eksempler på tiltak som kan redusere radon-Innholdet:

- Tette hull og sprekker i gulv og vegger mot grunnen
- Forsegle konstruksjonen mot bakken
- Endre lufttrykket i bakken under huset
- Forbedre ventilasjon av bygningen
- Forbedre ventilasjon i kryprommet i kjellerløse hus

Hvor stort tilskudd kan du søke?

Du vil normalt få dekket om lag halvparten av kostnadene, men vanligvis ikke over 40 000 kroner per boenhet.

Søknad og saksgang

Søknadsskjema og retningslinjer for ordningen fra du ved å henvende deg til Husbankens regionkontor.

Vedlegg til søknaden

- Dokumentasjon av måleresultater
- Beskrivelse av utbedringstiltak
- Bindende kostnadstilbud

Klagefrist

Klagefristen er tre uker fra du har mottatt vedtaket. Klagen må sendes skriftlig til kontoret som har truffet vedtaket.

Informasjon om

Bokn Forliksråd

Alle kommunar har eit forliksråd som er det lågaste nivået i rettssystemet for sivile saker, oftast gjeld dette pengekrav i samband med kjøp og sal.

I 90 – 95% av alle gjeldssaker vert saka endeleg avgjort i Forliksrådet.

Forliksrådet kan megle i ei sak med tanke på forlik, men viss partane ikkje vert samde, kan Forliksrådet i dei fleste sakene dømme. Ein dom i Forliksrådet gir eit krav rettsgyldighet slik at kravet kan bli inndrive med tvang av namsmann eller lensmann.

I Bokn som i dei fleste andre kommunar, er talet på saker aukande. I 2001 handsama Bokn Forliksråd 32 saker. Frå vår side er det fortvila å sjå på at sjølv små beløp kan bli dubla og kanskje tredobla som inkassosak gjennom Forliksrådet.

Og i tillegg til at kravet aukar, vil ein også risikere å bli registrert med betalingsanmerkning, slik at det seinare kan bli vanskeleg å få kredittkjøp eller lån.

Ein må også gjerne vera klar over at ein heil del kreditorer fremmer ei sak for Forliksrådet på prinsipielt grunnlag, sjølv om gjeldskravet berre er på nokre få hundre kroner.

Vårt råd til dei som slit med forfall på ekningane, er å ta kontakt med kreditor for å koma fram til ein nedbetalingsavtale ein kan greie. Det er vårt inntrykk at dei fleste kreditorar vil strekkja seg langt når ein som skyldnar viser vilje til å gjera opp for seg.


I kvar kommune skal det også finnast ein kontaktperson som kan hjelpe til i vanskelege gjeldssaker. I Bokn kommune er dette Reidar Alvestad.

Viss ein har generelle eller formelle spørsmål til Forliksrådet i samband med gjelds- eller tvistesaker, kan ein gjerne ta kontakt med under teikna.

Forliksrådet kan også i enkelte saker henvisa ei sak til Karmsund Tingrett.

Formann i Bokn Forliksråd, Arne Hosaas

*Tlf. 52 75 25 63 (arb.)
52 74 85 84 (pr.)*



Boknadialekten i forandring Bør Bokn innføra bokmål?

Jardar Havikbotn

Som dialektar elles i landet er dialekten i Bokn under forandring, og forandringane frå eg flytta til kommunen i 1986 og fram til i dag er temmeleg merkbare.

Store endringar

Då eg jobba i skulen siste halvdel av 1980-talet dreiv eg ein del med oversetting av skriftsmål, som regel bokmål, til dialekt. Dette bruka eg i drama- og musikkspel, og spurde ofte elevane kva dei sa her i Bokn til ulike ord og uttrykk. Også på den tida kom elevane med ulike alternativ, men i dag vil ein finna mykje større varia-sjonar blant dei som veks opp. I dag kan ein t.d. oppleve same unge seia *eda ude* i første setning og *spisa ute* i neste setning. Dette fortel oss om stor påverknad både frå eit miljø i endring og foreldra, som kanskje ikkje er boknarar, eller der berre den eine er det.

Blaute konsonantar

Blant skuleelevar i dag blir ikkje den blaute konsonanten brukt så konsekvent som før. Skulen har mange elevar og lærarar i dag som ikkje har blaut konsonant. Desse påverkar medelevane sine både med konsonantbruken og ulike ord og uttrykk, og det oppstår blandingsdialektar. Fastlandssambandet har som kjent ført til ein dragning nordover. Denne vil berre fortsetja framover. Den blaute konsonanten vil forsvinna, tonefallet flata seg ut, og me får ein Haugalandsdialekt i Bokn.

Regionsdialektar

Dialekten fylgjer på ein måte den veksande sentraliseringa. I Bokn sitt tilfelle mot Haugesund. På vår del av Vestlandet vil me få tre regionsdialektar; rundt Stavanger, rundt Haugesund og rundt Bergen. Haugesund er sentrum for Haugalandet, og haugesunds-dialekten vil meir og meir setja sitt preg på kommunane rundt. Folk flyttar meir og oftare enn før, også innfor haugalandskommunane, og større omgang med folk har stor påverknad på dialekten. Chatting på internett og SMS-trafikk på mobiltlf. foregår som regel på dialekt, og saman med forkortingar og spesielle standarduttrykk veks det fram normer som påverkar dialekten.

Kj- og sj-lyden

Det er interessant å fylgja utviklinga på desse lydane som endringsdialektane får. Tidlegare var det berre ungane som hadde desse sj-lydane på kj-ord, før dei lærte seg å snakka skikkeleg. I dag kan ein høyra fleire og fleire som veks opp fortsatt har desse lydane når dei snakkar. La oss håpa at Haugalandsdialekten i framtida ikkje blir så prega av dette, slik at me framleis kan **gå på kino i kjole og kjøpa kjips (Chips) i kiosken** og ikkje **gå på sjino i sjole og sjøpa sjips i sjosken**.

Bør bokmål bli skriftspråk i Bokn?

Endringa av boknadialekten fører med seg fleire bokmålsord og bør føra til ein skriftmålsdebatt i kommunen. Til samanlikning har vesle Utsira med sin tjukke dialekt bokmål som skriftsmål. Det er også eit tankekors at nesten samtlege elevar frå Bokn skiftar

skriftsmål ved overgang til vidaregåande skule. Nynorsk som skriftsmål i Bokn er like varierende som dialekten, ofte med mange bokmåls- og dialektord. Infinitivendingane varierer også mellom -a og -e.

Argument for nynorsk skriftsmål er naturleg nok likhetstrekk med dialekten, men mange som skriv nynorsk kjenner seg ikkje igjen i den påstanden. Haugesunds-dialekten har mykje meir bokmål i seg enn folk trur, og det er på sikt heilt naturleg at heile Haugalandet går over til bokmål som skriftsmål.



Dette handlar ikkje om å vera for eller imot dialekt, nynorsk eller bokmål, men om realisme og ei effektiv og naturleg utvikling.

Eg oppfordrar lesarar til å koma med synspunkta sine i bladet framover.

Frå 1.mars 2002 blei Haugaland likningskontor i Haugesund det nye likningskontoret ditt. Kontoret omfattar dei tidligare likningskontora og folkeregistera i

- Haugesund
- Utsira
- Tysvær
- Bokn
- Vindafjord
- Ølen

Skatteetaten er framleis representert i nesten alle kommunar ved forskjellige typar kontor og tenester. Haugaland likningskontor i Haugesund er distriktets hovudkontor, og tilbyr dei same tenestene som før.

Kvifor nytt likningskontor?

- For å betre servicen for brukarane
- For å styrkje fagmiljøet
- For å auke rettsikkerheten og like

- behandlinga av skatteytarane
- For å auke kvaliteten på arbeidet vårt

Besøksadresse:

Haraldsgt. 90
3. etasje
Opningstider: 09.00-14.30

Postadresse:

Haugaland likningskontor
Postboks 115
5501 HAUGESUND
Tlf: 815 32 666

Skatteetaten på Internett:

www.skatteetaten.no

Skatteetaten servicetelefon:

815 00 799

Informasjon på Tekst-Tv:

NRK1 side 818

Idretten jublar for stortingsvedtak

400 millionar meir i året frå Norsk Tipping

Fleire idrettsanlegg - og meir midlar for ungdom

Alle som er interessert i idrett og politikk har sikkert fått med seg at den såkalla tippenøkkelen er nå endra.

Overskotet frå Norsk Tipping AS skal nå delast med 50 % til kvar av formåla idrett og kultur. Tidligere fekk idretten ein tredjedel, og det same fekk kultur og forskning.

Stortinget måtte faktisk vedta ein ny lov om fordeling av tipperoverskotet.

Politisk rådgivar Per Tøien i NIF (Norsk Idrettsforbund) seier at dette er ein stor siger for norsk idrett, og eit resultat av at idretten har opptrådt samla ovanfor politikanane. Endringa av tippenøkkelen betyr at idretten får meir enn 400 millionar kroner meir i året.

Når ei endring av tippenøkkelen trer i kraft i 2003, og vil vera heilt gjennomført frå 2005, betyr det at idretten kan nå forventa seg å få 1.250 millionar i året, ei auke på 50 prosent. Neste år vil auken bli

på nærmare 150 millionar, i 2004 på nesten 400 millionar, medan ordninga trer i kraft med full effekt frå 2005, då idretten kan rekna med å få tilført over 400 millionar kroner meir enn i år.

NIFs viktigaste argument for å få til ei omlegging av tippenøkkelen, har vore at dei i framtida vil stå ovanfor følgjande fire store utfordringar:

- Å auke den fysiske aktiviteten i befolkninga
- At fleire og betre anlegg vil gi auka aktivitet
- Stoppa fråfallet av unge mellom 13 og 19 år, då det først og fremst er desse som representerer idrettens fornyelsesressurs
- Det frivillige arbeidet må styrkast. Lokale foreningar og deira lokale forankring må bli endå sterkare.

Dette lovar bra for statleg støtte til framtidige idrettsanlegg i Bokn. Både stadion, klubbhuset til BIL

Fotball

Fotballen er starta opp att. Dei to minste laga har alle-reie vore på fotballcup i Tysvær. Nokre kampar vann dei, andre tapte dei. Det er slik det skal vera. Ein kjekk dag for dei yngste spelarane.

11-12 års laget skal på cup i oktober.

Turlaget

Turlaget har starta opp igjen, men med små justeringar i programmet. Me går **kvar søndag kl. 15.00**.

Her er rutene fram til 13. oktober:

15.09. Borgenvik møteplass v/ Tollaksen Gunnarstad
22.09 Boknafjellet møteplass Vaulen
29.09 Håland møteplass Kyrkjebygd
06.10 Turstien møteplass Kyrkja
13.10 Knarholmen møteplass v/ Edvin Øvrebø

Har du forslag til turar, så kom til oss med dei.

Klubbhuset

Som mange har sett, er me nå komne godt i gang med klubbhuset vårt. Odd Grønnestad har grove ut grunnen og klargjort tomta for bygging.

Kjellaren blei forskala og støypt på ein av dei varmaste sommar dagane. Osmundsen & son jobba på spreng for å støyta betongen ned i veggene før han størkna.

Det er nå klart for å byrja på reisverket. Byggmeister Erik Våga skal setja opp huset.

Det har vore 3 dugnader i samband med klubbhuset.

Idrettslaget rettar ein stor takk til alle som har stilt velvillig opp til innsats.

Idrettslaget sin leiar Rita Jensen seier at det har vore kjekt og heilt greit å samla saman til dugnad når folk har vore så positive til å vera med. Dei treng framleis folk til å vera med på ymse oppgåver. Kan du tenkja deg å vera med, så ta kontakt med Rune Vatnaland eller Rita Jensen. Det hadde vore greit å hatt ei liste med folk som kan litt forskjellig i samband med denne type arbeid. Men det er mange oppgåver, og alle kan gjera noko nyttig. Det vil nå framover vera bruk for folk til alt muleg, frå barnepass matlaging, til spikring handlangar, eller sil og med å sy gardiner.

Set deg opp på ei liste med ynskje om kva du kan tenkja deg å gjera.

Idrettslaget har fått nokre filetar med fersk laks kor tre sider har blitt trekt og gitt til enkelte i dugnadsgjengen. Dei heldige var Annleif Sæbø, Johannes Nilssen og Jan Kristian Jøsang.

Det vil bli muleg å kjøpa private gåvebrev frå Idrettslaget som skal gå

direkte til klubbhuset. Det vil hovudsakleg gå til inventar, kjøkkenutstyr og trimutstyr i treningsstudioet. Det vil bli sendt ut giroar til alle husstandar i Bokn. Der kan kvar enkelt bestemma sjølv om ein vil støtta klubbhuset, og kor mykje. Når giroen blir betalt, vil eit gåvebrev frå idrettslaget bli tildelt som eit bevis for støtta til klubbhuset.

Bingo

Idrettslaget hadde den 11. september bingo på Sjøhuset. Det var kanskje det gode veret som gjorde at det ikkje var så veldig med folk, men salget gjekk godt, og det var ein veldig koseleg plass å vera. Ingebjørgs heimebakst gjekk fort ut, særleg potetkakene.

Idrettslaget takkar vertskapet for at dei stilte lokalet til disposisjon.

Sponsorar til klubbhuset

Desse har sponsa klubbhuset med til saman kr. 107.500,- :

- ⇒ Grieg Seafood
- ⇒ A. Olufsen skipsservice
- ⇒ Loden Laks
- ⇒ Haugaland Kraft
- ⇒ Sparebank 1 SR-bank
- ⇒ Bokn Plast
- ⇒ Coop Bokn handelslag
- ⇒ Privat sponsor



Foto: RA

Pr. 20. 09: Så langt er arbeidet kome på klubbhuset. Odd Grønnestad flyttar på steinmassen rundt muren med gravemaskin.

Endring av åpningstider ved SR-Bank Bokn

SR-Bank endrer åpningstider i BOKN fra 5 dager i uka til 4 dager i uka.

Kjære kunde

I løpet av den siste 10-års perioden har både du som kunde og vi som ansatte opplevd store endringer innenfor banknæringen. Fra at kontoret tidligere var den eneste møteplassen mellom kunde og bank, har stadig flere tatt i bruk våre tjenester via nettbank, telebank, brevgiro og Kundeservice.

Å drive et lite bankkontor innebærer fordeler ved at vi blir godt kjent med kundene. Dette fører til at vi kan følge opp kundene på deres premisser. Men det fører også med seg ulemper i form av at kontoret ikke fullt ut kan ta del i stordriftsfordelene. Når det gjelder sikkerhet, skal SR-Bank Bokn møte de krav til sikkerhet som stilles fra myndighetenes side, blant annet ved at 2 personer alltid skal være til stede i bankens normale åpningstid.

Etter en nøye gjennomgang av vårt kontor kan en konstatere følgende: Kundegrunnlaget er lite, og vi har veldig god tid til å betjene våre kunder.

Det er viktig for oss å kunne betjene våre kunder på en god måte. Vi mener at vi kan gjøre jobben like bra på litt mindre tid. Det koster penger å drive bank. På Bokn har vi forholdsvis høye kostnader i forhold til inntekter. Dersom vi fortsatt skal være representert i Bokn kommune må vi gjøre noe med kostnadene, uten at det går for mye ut over tilbudet. Det har vært svært vanskelig å finne en løsning som innebærer at banken kan ha åpent til samme tider som i dag.

Vi har valgt å redusere åpningstidene med en dag i uken, samt at vi åpner kl. 09.00 i

tråd med resten av våre kontorer. Vi har i mange år hatt åpent helt til kl. 17.00 på torsdager. Dette har vært den roligste perioden i løpet av en uke i banken. Vi kutter derfor inntil videre ut langdagen på torsdagen. Vi velger å holde stengt tirsdager. Vi gjør dette av hensyn til de arrangement som har vært faste på Boknatun de seneste årene samt andre offentlige tilbud, slik at de som har flere ærend ikke vil bli rammet av endringene i åpningstid. Torsdag vil vi åpne tidligere. Dette gir et bedre tilbud for dem som har møtt stengt dør tidligere.

De nye åpningstidene blir som følger:

Mandag 09.00 - 15.00
Onsdag 09.00 - 15.00
Torsdag 09.00 - 15.00
Fredag 09.00 - 15.00

Tirsdag stengt.

Til slutt en oppfordring:


Vi ber om forståelse for de endringene vi finner det nødvendig å foreta. Vi i banken håper at du som kunde isteden for å reagere negativt heller støtter opp om din lokale bank. Med de endringen vi gjør ligger forholdene til rette for at vi fortsatt kan opprettholde et lokalt banktilbud i Bokn.

Endringene vil skje mandag 30.

september 2002. Ta gjerne kontakt med oss dersom du har noen spørsmål. Banksjef Ann Jeanette Sunde Olaussen, tlf: 52 74 82 21 eller regionbanksjef Inge Reinertsen på tlf: 52 80 98 51.

Hilsen SR-Bank Bokn

SpareBank 1 SR-Bank



BOKN KOMMUNE
5561 BOKN

Transport for eldre og funksjonshemma til redusert pris

Etter at Bokn mista drosjen har kommunen gjort avtale med John Magne Lie om å halda fram med å ta kjøreoppdrag når det gjeld kjøring til eldresenteret på onsdagar.

I tillegg blir ordninga med kjøring av alderspensjonistar og funksjonshemma til redusert pris vidareført. Dei som ynskjer slik kjøring, må bestilla bil på førehand, helst dagen før. Sosialkontoret refunderer 50% av utlegget dersom kjøringa er innan kommunen. I eit kalenderår er det begrensingar i forhold til kor mykje kvar enkelt person kan få refundert.

Kjøring kan bestillast hos John Magne Lie i tlf. 52 74 85 54.

John Magne Lie har avtale og løyve frå Haugaland billag om denne kjøringa

John Magne Lie har ikkje avtale med trygde-etaten om kjøring, og frikort ved kjøring til lege og fysioterapeut vil ikkje gjelda.

Bokn vevstove ynskjer velkommen til nissekurs på Bokn

Vi lagar Isoldenissen

Kurset går over to helger

Kursleiar: Gerda Heskja

Fredag 25.10. kl. 18.00 – 21.00

Lørdag 26.10 kl. 10.00 – 16.00

Fredag 01.11. kl. 18.00 – 21.00

Lørdag 02.11. kl. 10.00 – 16.00

Kursavgift kr. 400,-. Materiell kr. 300,-.

Påmelding innen 11. oktober til Ingebjørg Alvestad, tlf. 52 74 86 21

Auksjonen

Bokn Musikkorps minner om auksjonen 16.11, der også leikehytta som står ved Alvestadkroken Landhandel skal trekkast.

Har du noko å bidra med kan dette leverast fortløpande.

Ta kontakt med Dagny Kjellesvik, 52 74 86 41

Forandring fryder, eller.....

Ord som sentralisering, store einingar og effektivisering har alle høyrte mykje dei siste åra. For folk i vesle Bokn har slike ord stort sett negativ klang.

Det siste er no at Posten tar kr. 500,- for å motta såkalla flygeblad som skal leggjast i postkassane til alle Bokns 320 husstandar. Viss det er noko som hastar og som må ut dagen etter, kjem totalkostnadene opp i over tusenlappen. Dette blir for dyrt for både lag/organisasjonar og kommunen.

Mykje tyder på at "effektiviseringa" til Posten fører til at dei ikkje vil bruka tid på slikt.....

Dette går mest ut over kunngjeringar/påminningar av ulike arrangement (sjå s. 2). Arrangørar vil tapa inntekter samstundes som boknarar går glipp av ymse tilstelningar. No skal det også seiast at boknarane er blitt "bortskjemte" med påminningar i postkassane

p.g.a. den enkle metoden.

Eg trur ikkje løysinga berre ligg i å gå tilbake til det gamle; å stå og kikka på oppslagstavlene. Alle arrangørar er heller ikkje like flinke til å henga opp plakatar, m.m. Me må vurdere å gi eit lag/organisasjon oppgåva med å levera rundt kommunen sine arrangementslappar og andre kunngjeringar. Fleire av laga har allerede ei slik intern ordning.

Fleire av lesarane savnar kanskje "Slekters gang". Det er eit resultat av "effektiviseringa" til Skatteetaten, som førte til at me mista likningskontoret. Men Bygdabladet skal nok få det til, og håpar på å få presentert dette i oktoberutgåva.

Det er heller ikkje dumt å oppbevare siste nr. av Bygdabladet på ein sentral plass i huset. Kulturkalenderen er som regel på midtsidene.

- redaktøren -

Mandag, - onsdag - torsdag
09.00 - 17.00


COOP BOKN

Tirsdag - fredag 09.00 - 18.00
lørdag 09.00 - 14.00

- Dagligvarer
- Bensin—Diesel
- Medisinutsalg
- Driftsmidler
- Postfilial
- Bank i butikk



coop
marked



BJØRN LINDANGER

Alt i Graving og Transport

Rennesøy, Tlf.: 51 72 36 15 - Mob.: 946 72 848

- Me utfører alt innen graving og transport.
- Me formidler baring og skyting.
- Maskiner fra 1,5 tonn til 21,0 tonn 3 stk
- Levering av røyr og kummer.
- dumperbiler.



A. OLUFSEN SKIPSSERVICE A.S

AVD. BOKN

Tlf. 52 74 84 60 – Mob. 98 20 90 28

VI UTFØRER ALT INNEN: STÅL · ALUM. · RUSTFRITT · RØR-
ARBEID · MASKINARBEID · HYDR. · TESTING, SERTI-
FISERING AV KRANER · LASTE, LOSSEUTSTYR PÅ SKIP

52 75 25 00	Sentralbord		postmottak@bokn.kommune.no
52 75 25 01 98 22 15 01	Rådmann	Jan Erik Nygaard	jnygaard@bokn.kommune.no
52 75 25 02 98 22 15 02	Økonomisjef/personalansvarleg	Solrunn Alvestad	soa@bokn.kommune.no
52 75 25 03 91 35 40 82	Ordfører Tysdag – ring på førehand	Svein Ove Alvestad	svein@bokn.komune.no
52 75 25 04 98 22 15 04	Seksjonssjef sosial	Reidar Alvestad	ralvestad@bokn.kommune.no
52 75 25 05 98 22 15 05	Seksjonssjef teknisk	Hans Faye	hfaye@bokn.kommune.no
52 75 25 07	Økonomiavdelinga, rekneskap og løn	Leni Mannes	lem@bokn.kommune.no
52 75 25 09 99 53 19 35	Økonomiavdelinga, skatt og fakturering	Lindy Haram	lharam@bokn.kommune.no
52 75 25 08 98 22 15 08	Seksjonssjef kultur	Jardar Havikbotn	jhavikbotn@bokn.kommune.no
52 75 25 10	Seksjonssjef servicetorg	Gro Sørensen	gsorensen@bokn.kommune.no
52 75 25 12	Barne– og ungdomsarbeidar Tysdag 08.00 - 13.00 i partalsveker	Ann Kristin Grønnestad	agroennestad@bokn.kommune.no
52 75 25 15	Telefaks Boknatun		
52 75 25 16	Pleie- og omsorgssjef	Anny Kallekødt	
52 75 25 30	Bokn sjukestove		
52 74 85 22	Legevaktsentralen		
52 75 25 34 98 22 15 03	Seksjonssjef helse	Gunn Grønnestad	ggroennestad@bokn.kommune.no
52 75 25 36	Psykiatrisk sjukepleiar Tysdag/onsdag 08.00 – 15.00	Miriam Berland	
52 75 25 40	Legekontor	Mandag og torsdag	
52 75 25 43	Open helsestasjon torsd. 08.30 - 11.30 Tysdag etter avtale	Rita Førland	
52 75 25 45	Bokn Folkebibliotek	Linda Ognøy	lognoey@bokn.kommune.no
52 75 25 47 93 41 54 40	Kyrkjeverge Tysdag/torsdag 08.30 – 15.30	Svanhild Alvestad	svalves@frisurf.no
52 75 25 50 98 22 15 10	Seksjonssjef skule	Dag Halvorsen	dhalvorsen@bokn.kommune.no
52 75 25 51 98 22 15 11	Rektor	Ingjerd Ellingsen	iellingsen@bokn.kommune.no
52 75 25 13 98 22 15 09	Barnevernleiar Tysdag, og etter avtale	Eva Moi	emoi@bokn.kommune.no
52 75 25 65 (66)	Skulefritidsordning	Ranveig Nygaard	rnygaard@bokn.kommune.no
52 75 25 67	Telefaks skulen		
52 75 25 69	Forkontor, skulen	Norunn Jordbrekk	njordbrekk@bokn.kommune.no
52 75 25 70 98 22 15 12	Seksjonssjef barnehage	Jarle Haakonseth	jhaakonseth@bokn.kommune.no
52 75 25 80	Tannlegekontor torsdag og fredag	Anita Knutsen	

Hjarteleg takk, til alle som hugsa meg på min
70 års dag.

Sigvart Våga

Hjarteleg takk, til alle som gledde meg på
80 års dagen min.

Takk for varme helsingar, gaver og vakre
blomar.

Solveig Ellingsen

Hjertelig takk for blomster og deltagelse ved vår
kjære mor, Ruth Aarsands bortgang.

En varm takk til betjeningen ved Bokn
Sjukestove for god pleie og omsorg


Familien

Ynskjer å kjøpe


bæremeis til unge på 16 mnd

Tlf. 52 74 84 23

Kjenner du igjen noko av dette?




Øyredobb funne ved
skulen i vår.



Barnesko, Casual
funne på
"Boknacabana",
Alvestad nærmiljø-
anlegg i sommar.

Me har også ei lommebok med pengar i
som blei funne i bussen etter
Søndalskulane sin tur til Moster
14. april.


Du kan få tinga att på kulturkontoret.



Arskroen kafé & selskapslokale

Vi leverer smørbrød/kaker til enhver
anledning.

Selskapslokaler til leie,
ta kontakt for tilbud.



Søndagsmiddag
hver søndag.

Har du spørsmål,
kontakt Lars-Jacob 99 03 70 32

Soknerådet i Bokn

vil at Statskyrkja skal halda fram.

Som kjent er det eit utvalg oppnemnd av Kyrkjerådet
som har lagt fram ei innstilling, "Samme kirke - ny ord-
ning". Denne har dei arbeidd med i 4år. Med stort fleirtal
går dei inn for å løyse kyrkja frå staten.

Saka har no vore ute til høyring, m.a. i alle sokneråd.
Der er konkrete spørsmål å svara på.

Fyrste spørsmålet om jamnstilling mellom trus - og livs-
synssamfumm, og ein aktiv støttande religionspolitikk,
svara me ja til. Det er forresten slik det er i dag.

Andre spørsmålet om å lausriva kyrkja frå staten svara
med nei til med 6 mot 2 røyster. Det er rom for ein god
del reformer innan den ordninga me har, og det stiller
me oss positive til.

Sigvart Våga



KROVÅGEN
HESTESENTER
ISLANDSHEST • SHETLANDSPONNY

GODKJENT NPA-STUTTERI

- Vi kan tilby ridekurs, rideleir, rideturer i
terrenget for øvede ryttere og ponnykjøring.
- Vi lager også bursdagsfest i stallen for
ungene.
- Fra tid til annen har vi gode islandshester og
shetlandsponnier for salg.

Ring Kari Christensen,
tlf. 52 74 84 07 eller 91 12 08 01
for mer informasjon

BOKN FYSIOTERAPI

Tysdag og onsdag og helgene i partalveker.

Direktenr. 52 75 25 33. Ta kontakt for avtale.

Geir Austvik - fysioterapeut

FOTTERAPI

Kvar onsdag på legekantoret kl. 09.00 – 14.00

Første onsdagen i kvar mnd. kl. 15.00 - 18.30

For påmelding, tlf. 52 74 84 79

Rita Jensen - fotterapeut

TRYGDEKONTORET

Kontortid kl. 9.00 – 14.30

Telefontid kl. 8.00 – 15.30

Tlf. 52 75 21 50 - Fax. 52 75 21 51

Direkte innval: 52 75 2 + linjenr.

Ragnhild Ognøy: linjenr. 150

Ingunn Sunde: linjenr. 152

Ingunn Sunde - trygdesjef

LANDBRUKSKONTORET

Kvar torsdag kontordag i Boknatun
kl. 9.00 – 12.00.

Direktenr. 52 75 25 13

Avtale etter kl. 12.00 må gjerast særskilt.

Kan treffast på rådhuset i Tysvær andre
vekedagar, tlf. 52 77 05 00

Bjørn Bruaset - jordbrukssjef

DAGSENTERET

Dagsenteret på Boknatun er ope
kvar onsdag frå kl 10.00 - 14.00.

Alle over 70 år er hjertelig
velkomne.

Påmelding, tlf. 52 74 83 09

Julianne

BOKN BYGDABLAD

UTGJEVAR

Bokn kommune

5561 BOKN

Tlf 52 75 25 00

Fax 52 75 25 15

E-post jhavikbotn@bokn.kommune.no

BYGDABLADNEMND

Svein Ivar Langhelle

Eva Moi

May Jorunn Vatnaland

REDAKTØR

Jardar Havikbotn

Direkte tlf. 52 75 25 08

REDAKSJON

Jardar Havikbotn

Reidar Alvestad

Linda Ognøy

ABONNEMENT

Kr. 200,- pr. år

ANNONSEPRISAR

Heilside kr. 500,-

Halvsida kr. 300,-

Kvartside kr. 150,-

1/8 side kr. 100,-

Privatann. kr. 30,-

Fastann. etter avtale

FRIST FOR STOFF

Etter avtale med redaktøren

BLADET KJEM UT

10 gonger i året

STORT FORSIDEBILDE

Helge Kristian Nilssen ved
Sandvasshytta i Etnefjella
7. september 2002

Foto: Jardar Havikbotn



TILBUD STEINFRI SKJELLSAND + høy og halm

Kr. 140,- pr. m3 fritt utkjørt innmark.

Kr. 150,- pr. m3 fritt utkjørt utmark.

*Kontakt Morten Ullenes,
4150 Rennesøy*

51 72 31 33

900 16 817

Skuleprosjekt med Stor Geitramssvermar

Jardar Havikbotn

Etter at det stod om Stor Geitramssvermar på denne sida i forrige utgåve av Bygdabladet har det kome inn fleire registreringar av denne sjeldne, men heilt ufarlege gjesten. Antalet i Bokn kom opp i tosfra tal til slutt. Åse K. Øvrebø i 4. kl. hadde med seg eit eksemplar på skulen, som no er til klekking hjå Zoologisk museum i Bergen (ZmB).

Då eg stakk innom 4. kl. den 28. august hadde dei bestemt seg for å senda larven, som var på veg inn i puppestadiet, til Bergen. Bakgrunnen var at Else Nilssen tidlegare hadde fått tlf. ifrå Gudrun Bakkerud hjå ZmB, om ho ville senda den ho hadde til Bergen. Men Else var blitt for glad i han til at ho ville senda han avgårde, og museet blei fornøgde då Åse ville senda den som mor hennar hadde funne dagen før.

Rett nok kan ikkje museet seia om det verkeleg er Stor Geitramssvermar før etter klekking, men sidan larven var akkurat lik Else sin reknar 4. kl. med at



Fv. Åse K. Øvrebø, Hilberg A. Nemeth, Øyvind Birknes Langhelle, Christoffer Anders Løfgren, Thomas Hognaland Fostenes, Silje Knutsen Aksdal, Karina Kjetland, Silje Eide og Irmelin G. Taraldlien studerer larven før sending til Bergen. (Marius Sunde var ikkje til stades då bildet blei tatt).



"Mamma fann ein larve. Eg tok larven med på skulen. I går sendte me larven til Bergen til Zoologisk Museum", skriv Åse.

dei ein gong får ein tlf. frå Bergen om at det er det. Gudrun Bakkerud skal også senda materiell til klassen om prosjektet

Klassestyrar Sigrunn Hole Hosaas, som sende larven med posten i ei smykkeeske med hol i, fortel til Bygdabladet at klassen har brukt tida til å læra om sommarfuglane sitt liv, heilt frå dei er eit egg. Sigrunn har også hatt med seg insektssamlinga si frå den tida ho var med i 4H, og der kunne elevane m.a. sjå ei puppe av ein stor bladveps. Nokre av elevane har også teikna Stor Geitramssvermar, og Bygdabladet har tatt med Åse si flotte teikning.

Dette bildet som Sophie J. Alvestad tok i hagen til Gerd og Per Alvestad i sommar, heng no i stort format på ei utstilling på ZmB!

